

**Fra:** Ole Vegard Skauge (Ole.Vegard.Skauge@hfk.no)

**Sendt:** 15.09.2016 12:28:34

**Til:** 'Marta Opheim'

**Kopi:** Kristine Langøy

**Emne:** SV: Ang. Gnr 38, bnr. 1 - Voss kommune - automatisk fredning av bygning

**Vedlegg:** image001.gif

Hei.

Dendrokronologiske prøver har påvist at bygningen har så høg alder at den er automatisk freda, jf. brevet frå Riksantikvaren.

I kulturminnelova § 4 heiter det «*Automatisk fredet er de til enhver tid erklærte stående byggverk med opprinnelse fra perioden 1537-1649, dersom ikke annet er bestemt av vedkommende myndighet.*»

Dette er ikkje eit vedtak, men ein automatikk som vert utløyst av kulturminnelova.

Kulturminnelova § 6 sler også fast at «*Med til et automatisk fredet kulturminne som nevnt i § 4, hører et område rundt dets synlige eller kjente ytterkant så langt det er nødvendig for å verne det mot tiltak som nevnte i § 3 første ledd. Området fastsettes særskilt av vedkommende myndighet etter loven. Inntil et område som nevnt i første ledd er særskilt avgrenset, omfatter det et fem meter bredt belte regnet fra kulturminnets synlige ytterkant.*»

Som ein kan sjå er også dette ein automatikk, dersom ikkje Riksantikvaren gjer anna vedtak. I dette tilfellet har det ikkje skjedd.

Saka som skal til Kultur-, Idrett-, Ressurs-, og Utviklingsutvalet, og deretter Fylkesutvalet, er difor ei orienteringssak.

Det er ikkje lagt opp til noko vedtak. Kulturminnelova vil gjennom paragrafane ovafor gjere det vanskeleg å fatte noko fornuftig vedtak.

Eit av vedlegga har bilete også av interiør og/eller anna privat eigedom. Det er difor unnateke offentleggjering i vårt arkiv.

Avisa Hordaland si formulering har eg ikkje noko kommentar til. Det må du spurje dei om.

Håpar dette er oppklarande. Vi kan kontaktast om du søker meir informasjon.

Riksantikvaren og Hordaland Fylkeskommune sine heimesider er elles ein god stad å byrje for eigarar av freda hus. Til slutt må vi gratulere eigar av eit unikt, og sær gamalt hus. Det er vår von at det kan være ei kjelde til byrgskap for dykk.

Med helsing,

**Ole Vegard Skauge**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 37 80 57

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Marta Opheim [mailto:marope@online.no]

**Sendt:** 15. september 2016 10:54

**Til:** Ole Vegard Skauge <Ole.Vegard.Skauge@hfk.no>

**Emne:** Ang. Gnr 38, bnr. 1 - Voss kommune - automatisk fredning av bygning

Hei, Eg er ein av eigarene til denne eigedomen og er gjort kjent med via Avis Hordaland og mitt

innsynskrav (sjå e-postkorrespondanse nedenfor) at fylkeskommunen har hatt oppe tilbehandling det automatiske fredningsvedtaket frå Riksantikvaren. Eg har fått innsyn i dei dokumenta som skal finnast i saka hjå dykk, dette er dei same dokumenta som eg sjølv har motteke frå Riksantikvaren. I følge Avisa Hordaland sin artikkel av 13.09.2016 der det bl.a. Står "*utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune vil på møtet onsdag strø sand på Riksantikvaren sitt vedtak.....*"

I og med at avisa skriv at fylkeskommunen vil "strø sand på vedtaket", so lurar eg på om dei har fått nokre opplysninger som ikkje eg og mine søstre har motteke.

Ønsker du å komme i kontakt med meg, kan eg kontaktast på telefon 913 32 682.

Mvh.

Marta Opheim

----- Opprinnelig melding -----

**Emne:**SV: SV: Bestilling eInnsyn

**Dato:**15.09.2016 08:23

**Fra:**Dokumentsenteret - Postmottak <[dokumentsenteret@hfk.no](mailto:dokumentsenteret@hfk.no)>

**Til:**Marta Opheim <[marope@online.no](mailto:marope@online.no)>

Hei, du har fått tilgang til all dokumentasjon i det x-notatet, via link og tilsendt via Altinn. Det som nevnt nøyaktig det samme brevet som fra Riksantikvaren. DVS: Det tredje dokumentet som er avskjermet via linken er det dokumentet du har fått via Altinn.

Når det kommer til det du lurar på, kan du sikkert ta kontakt med saksbehandlar.

Ole Vegard Skauge [Ole.Vegard.Skauge@hfk.no](mailto:Ole.Vegard.Skauge@hfk.no) , tlf 55378057

Venleg helsing

**Kristine Langøy**

Kultur og idrett | Fylkesarkivet | Dokumentsenteret

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 37 8008

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Marta Opheim [<mailto:marope@online.no>]

**Sendt:** 14. september 2016 14:49

**Til:** Dokumentsenteret - Postmottak <[dokumentsenteret@hfk.no](mailto:dokumentsenteret@hfk.no)>

**Emne:** Re: SV: Bestilling eInnsyn

Hei igjen, beklager å mase på dykk. No har eg fått innsyn i dei dokumenta som de har sendt meg. Dette er dokumenter som eg allereie har mottatt frå riksantikvaren. Når eg held musepeker over ikonet slik de beskriv, viser det og at det finnes eit tredje dokument som er avskjerma. Det er dette dokumentet eg ønskjer innsyn i.

Grunnen til at eg maser slik på dette dokumentet, er ein artikkel i avisa Hordaland den 13.9.2016, der det bl.a. Står "*utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune vil på møtet onsdag strø sand på riksantikvaren sitt vedtak.....*"

Eg vil gjerne få opplyst om fylkeskommunen har meiningar som er kjent for media (i og med avisa skriv at fylkeskommunen vil strø sand på vedtaket), men ikkje for meg og mine søstre som er direkte berørt av dette vedtaket frå Riksantikvaren.

Mvh Marta Opheim

Sendt fra min iPad

Den 14. sep. 2016 kl. 10.30 skrev Dokumentsenteret - Postmottak <[dokumentsenteret@hfk.no](mailto:dokumentsenteret@hfk.no)>:

Hei,

det er ett x-notat i saken i tillegg til brevet fra Riksantikvaren. Innholdet er det samme i

begge journalposter. Du kan se x-notatet via denne linken:  
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=427> (se saksnr. RS 49/2016). Hold musepekeren over vedleggsikonet helt til høyre. MEN Dokumentasjonsvedlegget er unntatt offentlighet. Hvis du vil kan vi sende deg dette via Altinn.

Venleg helsing

Kristine Langøy  
Kultur og idrett | Fylkesarkivet | Dokumentsenteret  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Tlf: 55 37 8008  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: [marope@online.no](mailto:marope@online.no) [<mailto:marope@online.no>]  
Sendt: 13. september 2016 17:23  
Til: Dokumentsenteret - Postmottak <[dokumentsenteret@hfk.no](mailto:dokumentsenteret@hfk.no)>  
Emne: Bestilling eInnsyn

Tinge innsyn  
Sak:2016/8459  
Sakstittel:Opheim - gnr 38 bnr 1 - automatisk freda kulturminne - Voss kommune  
Løpenr:58366/2016  
Journalenhet:Hordaland fylkeskommune journalenhet

Personopplysningar  
Namn:Marta Opheim  
Adresse:Bjørndalsskogen 182  
Postnr:5170  
Poststad:Bjærndalstæ  
Kommentarar:Eg er ein av eigarane til denne eignedomen, ber om innsyn i dykkar sakshandsaming inkludert alle interne notater. Eg treng ikkje dokumentet frå riksantikvaren.